

Arkivsaksnr: 2015/166-0

Saksbehandler: Linn Myrvold

Dato: 12.01.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Verneområdestyret for Geiranger - Herdalen	1/2015	

## Søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Skrenakken- gnr. 76 bnr. 1 og 3 i Norddal kommune

Søkar: Finn Roger Vågsæter

### Dokument i saka

Søknad datert 6. jan. 2015

### Søknaden

Finn Roger Vågsæter er grunneigar av Skrenakken, GNR. 76 BNR. 1 og 3, i Norddal Kommune og søkar om løyve til helikoptertransport til Skrenakken for å frakte material, utstyr og folk. Materiell skal fraktes inn for arbeid med vedlikehald av bygningane på garden og til vedhogst og slått av markene. Materiell som skal fraktas inn er sand, sement, bygningsmaterial, diesel (til traktor) og anna utstyr til vedhogst og slått.

Strekning for helikopterflyginga: Mellom Stranda og Skrenakken.

Tidsrom: Søker ber om generell løyve til å lande på innmark med bakgrunn i at tidspunkt for flyving må tilpassast etter når det er ledige helikopter i området eller eventuelt minimum ti helikopterturar i løpet av 2015 dersom generell løyve ikkje blir gjeve.

### Naturmangfaldloven og verneforskrift

Føremåla med opprettinga av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde er å

- Ta vare på eit særprega og vakkert fjord- og fjellandsskap med eit rikt og variert plante- og dyreliv.
- Ta vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjør ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- Ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

I samband med dette er stillhet, ro og fråvær av motordur ein viktig kvalitet for både dyr og menneskjer. Det er ein overordna nasjonal målsetting å holde omfanget av motorisert ferdsel i utmark på et minimum, både i og utanfor verneområdene. I verneforskrifta for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde kjem det fram at drift og skjøtsel av bygningar, anlegg og andre innretningar ikkje kjem i konflikt med § 3 punkt 1.1. Det understrekas at tiltak som går ut over vanleg vedlikehald og skjøtsel av bygningar vil være søknadspliktig jf. § 3 punkt 1.1. Støyping av trapp eller påfyll av sement i grunnmur vil være høve på endringar i fasade som vil medføre søknadsplikt.

Av verneregel § 3 punkt 5.1 finn ein eit generelt forbod mot motorferdsel på land og i vatn, inkludert landing med luftfartøy. Forvaltningsstyremakta kan etter § 3 punkt 5.3 f gjøre unntak for

helikoptertransport av materialar og utstyr til vedlikehald og byggearbeid på anlegg, bygningar, klopper og liknande.

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal takast med i vurderinga.

## **Vurdering**

Skrenakken ligg på ei fjellhulle ca. 450 m.o.h. i Geiranger-Herdalen landskapsvernområde og det har vore aktivitet på fjellgarden sidan 1600-talet.

forvaltningsplanen for Vestnorsk Fjordlandskap delområde Geirangerfjorden er Skrenakken plassert i sona for spesiell tilrettelegging og bruk. Her kan det vere opning for større grad av tilrettelegging og tiltak. Bevaring av fjord- og hyllegardar er viktig m.a. på bakgrunn av de kulturhistoriske verdiane som er knytt til dei og det er viktig at arealet med bygningsmiljø og slåttemarkar vert haldt ved like (s. 16). Det er ikkje dyr på garden, men bilde vedlagt søknaden viser at det er lagt ned mykje arbeid i å halde landskapet rundt garden opent. Etter forvaltningsplanen vil det kunne være aktuelt å gi løyve til helikoptertransport dersom føremålet med transporten er å fremje ei god forvaltning av området (for eksempel skjøtsel av kulturlandskap, kulturmiljø). Helikopterbruk er også i mange høve vurdert som den mest skånsame måten å frakte materialar, utstyr og liknande inn og ut frå fjord- og fjellgardane. Vi ser helikopter som einaste reelle alternativ til å frakte tyngre utstyr opp til Skrenakken på. Det blir normalt ikkje gjeve løyve til frakt av personar med helikopter. Når det likevel skal fraktast materialar eller utstyr er det i nokre høve opna for at ein kan ha med personar det er plass til, så lenge dette ikkje fører til at ein må ta fleire turar.

Etter forvaltningsplanen skal bruk av helikopter haldast på eit lågast mogleg nivå av omsyn til naturen og folk som ferdes i den (s.41). Talfesting av turar er viktig for å ha kontroll på omfanget av motorferdsel innafor landskapsvernområdet og det er derfor lite aktuelt å gje eit generelt løyve. Ved handsaming av søknaden i 2013 vart det gjeve løyve til seks turar pr. år til same formål som i denne søknaden. Det vurderast derfor som at seks turar vil være tilstrekkelig også denne gangen dersom ein planleggar godt.

Motorferdsel skal etter forvaltningsplanen unngåas på søndagar og heilag dagar, samt i fellesferiar og det skal gjevast skriftelig tilbakemelding til forvaltningsstyremakta når flyginga er gjennomført (s.42).

## **Vurdering etter Naturmangfaldlova §§ 8-12**

### **§ 8 «Kunnskapsgrunnlaget»**

For at flyginga ikkje skal kome i konflikt med hekketida hos fuglar og dyr settas det som vilkår at flyginga skal gjennomførast før april månad og/eller etter mai månad. Av omsyn til sårbare artar er inn- og utflyging etter sørvest-nord aust –aksen vurdert å være den minst forstyrrende. Vegetasjonen vil normalt ikkje ta skade av helikopterlandinga. Kunnskapsgrunnlaget som er henta frå Forvaltningsplan for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde, GisLink, og Naturdatabasen regnes for å være tilstrekkelig for å behandle denne saka.

### **§ 9 «Føre-var-prinsippet»**

Det kan ikkje garanterast for at fugle- og dyrelivet i området ikkje blir negativt påverka av tiltaket. For å ta omsyn til § 9 «Føre-var-prinsippet» er det derfor ønskelig at flyginga skjer innafor tidsrommet som er oppgitt og at flyginga avgrensas til seks turar.

### **§ 10 «Økosystemstilmærming og samla belastning»**

Verneområdestyret har også mottatt en helikoptersøknad for transport av materialer til Verpesdalen. For å minke den samla belastninga i området er det derfor ikkje ønskelig å overstige eit tal på 6 turar. Det er ikkje registrert sårbare artar på Skrenakken. Ein føresett likevel at det tas tilstrekkelig omsyn til dyrelivet i området også med tanke på Ottadalsvillreinen som har registrerte beite- og leveområde om lag 1 km frå Skrenakken.

### **§ 11 «Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshavar»**

Søker er ansvarleg for at det ryddas opp etter byggearbeidet.

## **§ 12 «Miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar»**

Helikoptertransport synes å være det einaste reelle alternativet til å frakte tyngre utstyr opp på Skrenakken.

### **Konklusjon**

Vedlikehald av bygningar er eit positivt tiltak for å ta vare på kulturminna på Skrenakken. Talet på helikopterturar lyt likevel avgrensas til 6 turar av omsyn til Naturmangfaldlova og føringar gitt i forvaltningsplanen samt overordna nasjonale målsettingar. Det vart gitt løyve til 6 turar til same føremål i 2013 og vi konkluderer derfor med at 6 turar vil være tilstrekkelig også denne gang.

### **Forslag til vedtak**

Verneområdestyret gir med dette Finn Roger Vågsæter løyve til å bruke helikopter for transport av materialar til vedlikehaldsarbeid på fjellgarden på Skrenakken. Løyva er gitt i medhald av forskrift om vern for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde § 3 punkt 5.3 f. Det er gitt løyve til seks turar (tur/retur) i løpet av 2015. Personar kan takast med i transporten så lengje det ikkje fører til fleire turar.

### **Vilkår**

1. Løyva er knytt til Finn Roger Vågsæter som er ansvarlig for at vilkåra overhaldas.
2. Talet av helikopterlandingar lyt avgrensas til det minimale og ikkje overskride seks landingar i løpet av 2015 i tidsrommet januar-mars og/eller juni-desember.
3. Når helikopterlanding gjennomførast skal det gis beskjed til verneområdeforvaltar.
4. Transporten skal utføres på ein kvardag av omsyn til andre som er til stades i området slik at forstyrringa blir minst mogeleg.
5. Innflyging og utflyging skal skje langs aksen sørvest-nordaust.
6. Dispensasjonen må tas med ved gjennomføring av tiltaket og vises på førespurnad.

### **Klagerett**

Dette vedtaket kan i samsvar med § 28 i forvaltningsloven påklagast av ein part eller andre med rettslig klageinteresse. Frist for å klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Klagen stilast til Miljøverndepartementet, men sendast til Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen. Klaga bør grunngjevast.